

Argumentasjon for revisjonsoppstart i Jostedalsvassdraget

Utklipp frå heimesida til NINA(Norsk Institutt for Naturforskning):

"Naturrestaurering

2021-2030 er utpekt til FNs tiår for restaurering av natur. I NINA har vi i en årrekke jobbet med forskning på naturrestaurering både til vanns og til lands.

Naturrestaurering i NINA

Det er ikke lenger nok å bevare natur – vi må i tillegg restaurere det som er ødelagt. Å restaurere natur betyr å gjenopprette og forbedre økologisk tilstand og naturverdier i områder som er forringet eller ødelagte. Også avbøtende tiltak som forebygger eller hindrer tap av naturverdier kan inngå i restaurering.

Naturinngrep og ødeleggelse av habitater er den største trusselen mot naturmangfoldet, men likevel fortsetter nedbygging og tap av natur over hele verden, også i Norge.

Naturrestaurering er helt nødvendig for å bremse, stoppe og aller helst snu den negative trenden med tap av natur. Dette har også Naturpanelet (IPBES) og Klimapanelet (ICCP) slått fast i sine globale kunnskapsrapporter. Derfor har FN vedtatt at 2021-2030 skal være det internasjonale restaureringstiåret."

Uttalelse frå ein lokal fiskar som har fiska i Jostedøla i nærare 80 år «*eg har ikkje opplevd ein så dårleg fiskesesong som 2016 sesongen*».

Fangstrapportering(tal frå Røneid grunneigarlag)

År	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Antal fisk	269	278	250	165	225	238	191	171	182	107	112

År	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Antal fisk	160	192	130	157	145	21	33	43	75	60	49

At det er dramatisk nedgang viser og att på fangstrapportane. Snittvekt på fisken mellom 2016 og 2021 er 1,7 kg fordelt på 281 stk fisk. Dette gjev ei fangstmengd på 80 kg årleg. I skjønnsapira frå 70 talet er det oppgjeve moderate fangstal då det var lite rapportering å forholde seg til. Fiskerisakkunnige den gong meinte at vassdraget skulle kunne levere 3-4000 kg fisk pr år men satte opp 700 kg som truleg fangstmengd.

Ser ein på sal av fiskekort har dette blitt omtrent halvert frå midten av 70 talet til i dag. Dette heng sjølsagt saman med at vassdraget har mista mykje av sin rekreasjonsstatus som ei spennande elv å fiske i. For den som hugsar 70 talet så var det alltid mykje tilreisande fiskarar som låg i hyttene på campingplassen på Røneid.

Årsak til nedgangen kan vera delt men mengd fisk i elva virka for å auke i dei åra det vart brukt ressursar på å setje ut augerogn i elva. Etter at dette arbeidet vart avslutta har mengden av fisk i elva minka. I følgje forskarane, som var innleigd av utbyggjar til å styra kultiveringsarbeidet, var planen at fiskestammen i vassdraget stort sett skulle utvikle seg sjølv etter at prosjektet med rognutsetjing vart avslutta. No ser ein at forskarane tok feil. Ein av årsakene til dette kan vera at laksetrappene som vart forsøkt bygt ikkje har fungert optimalt. At trappene ikkje alltid fungerer har ført til at fisken som skal opp og gyte ikkje kjem seg

Argumentasjon for revisjonsoppstart i Jostedalsvassdraget

fram i det området av elva som laksetrappene skulle gje tilgang til. Ein anna grunn til at dette ikkje fungerte er at yngelen/ smolten har få bekkar tilgjengeleg med betre vassstemperatur som den kan vekse opp i. Slik LJF, grunneigarar langs elva og andre fiskeinteresserte opplever situasjonen no er at om ikkje utbyggjar vert pålagt å bruka meir ressursar på kultiveringsarbeidet går det mot at kommande generasjonar kjem til å oppleve at det ikkje er att fisk i elva. Det er klare forventningar om at det vert åpna for å revidere konsesjonsvilkåra i Jostedalsvassdraget. Det er og klare forventningar om at dei nye vilkåra blir sett til dagens standard(2023) og at utbyggjar blir pålagt å bruke dei ressursar som er naudsynte for behalde og auke fiskestammen i vassdraget. Tiltaka som blir beskrivne vidare i dette dokumentet er i tråd med vilkåra for å åpne for revisjon samstundes er dei ikkje av slik art at det går nevneverdig utover økonomien for anlegga til utbyggjar. LJF begrensar ikkje tiltaka til, men føresler følgjande:

- Sidebekkene i vassdraget må optimaliserast som oppvekstområde for yngel. Dette gjeld fram til Fossen(ca 20 km frå sjøen).
- Fonndøla må ha minstevassføring.
- Fisketrappene i Langøyane må byggjast om slik at dei fungerer.
- Tiltaka må kontinuerleg holdast tilsyn med, og kvart tilsyn må loggførast.
- Det må anleggjast eit klekkeri i Jostedalsvassdraget eller minimum inngåast ein avtale om samarbeid med klekkeriet i Fortun om å avle fram augerogn/ plommesekkyngel til utsetjing i Jostedøla.(stamfisk frå Jostedøla)
- Utbyggjar må påleggjast ansvar for årleg gjennomføring av kultiveringsarbeid.
- Utbyggjar må ansetje ein fiskeansvarleg person som har ansvar for å følgje opp planlagde tiltak og at naudsynt vedlikehald vert gjennomført.

Kunnskap ein allereie har i kommunen

Om ein ser på kultiverings arbeidet i Fortunselva så har dei der gått frå rognutsetjing til utsetjing av meir plommesekk yngel i tillegg til noko 1-somrig og smolt. Spesielt utsetjing av plommesekkyngel har gjeve positive resultat der. Utbyggjar i Fortunselvi vart på 80 talet pålagt å byggje klekkeri og har seinare, på eige initiativ, teke ansvar for kultiveringsarbeidet ved å ansetje ein kunnskapsrik og engasjert operatør i halv stilling til å drifte dette.

Operatøren har mykje generell kunnskap om kva tiltak som fungerer, og spesielt mykje kunnskap om kva tiltak som fungerer der inne.

Denne operatøren meiner at ein i Jostedalsvassdraget opplever noko av den same utfordringa som ein har i Fortunsvassdraget ved at det er låg temperatur i hovedvassdraget. Hans forslag til å få liv att i Jostedalsvassdraget er:

- Alle sidebekker med betre temperatur i må optimaliserast som oppvekstområder for yngel.
- I desse sidebekkene må det årleg setjast ut rogn og /eller aller helst plommesekkyngel/ yngel då denne har betre sjansar for å overleve.

Argumentasjon for revisjonsoppstart i Jostedalsvassdraget

Tidlegare kultiveringsarbeid i Jostedalsvassdraget

I Jostedøla vart det i tidsperioden 2002 til 2010 utført stamfiske og utsetjing av augerogn. Dette gav ein liten oppsving i av antal fisk i elva i ein periode i åra etterpå men har etterkvart blitt redusert til det ein ser av fangstrapportane i dag. I rapporten frå 2014, som utbyggjar fekk utarbeida, seier forskarane at fisken i elva skal klare å reprodusere seg sjølv. Dette ser ein i dag at ikkje stemmer. Denne negative utviklinga advarte Luster Jakt og fiskelag sin representant Olav Hermansen om når stamfiskeprosjektet vart avslutta.

Årsaker til den negative utviklinga kan være t.d.:

- Vasstemperaturen i hovedløpet vart senka med 1°C etter Jostedalsutbyggjinga. Dette hemmar veksten av yngelen og med det tøffe habitatet som er i hoveløpet i Jostedøla blir tilveksten av fisk dårleg.
- Fisketrappa i Langøyane vert ikkje vedlikehalden. Gytefisken kjem seg ikkje fram til Vigdøla, Kvernelvi i Myten og andre varmare bekkar i vassdraget fram til Fossen.
- Sidebekkene i vassdraget er ikkje optimalisert som gyte/ oppvekstområde for yngel.
- Fonndøla har ikkje minstevassføring.

Trappene i Langøyane og Haukåsgielet

"Fiskebiologiske undersøkelser i Jostedøla" rapport nr 246 beskriv fisketrappa i Langøyane som sårbar og den krev ressursar for tilsyn og vedlikehald. Ein årsak til at den er sårbar er at den er lagt for nært inntil hoveløpet og har lett for å få skadar når elva er flaumstor. Trappa er delt i to der øvre og nedre del ligg på kvar si side av elvi. Elvi må kryssast for å få tilkomst til nedre del av trappa då det ikkje er veg på den sida. På den tida som vedlikeholdsarbeid er aktuelt er det umogeleg å krysse elvi med utsyr då det er for stor vassføring. Nedre del av trappa er i dag heilt ute av funksjon då den er stengt av massar som har rasa ned i løpet. I øvre del av trappa fisk bli fanga i trappa då trappa kan «tørka ut» øvst i løpet. Det vil sei at trappa lek inn vatn i nedre del som lokkar gytefisken inn for så å bli nesten turr på toppen slik at fisken går seg fast. Dei siste åra har det ikkje vore utført vedlikehald i trappa. Skal eksisterande trapp fungera i det heile vil det krevja å bruke ressursar på å setja den i stand att og det vil krevja monalege ressursar å vedlikehalda den i framtida slik den er plassert.

Den beste løysinga er å byggja ei ny trapp som er plassert den sida som gjev enkel tilkomst for vedlikehald og så langt frå elveløpet at den ikkje blir skada ved flaumgang i hovudløpet.

Utbyggjar må påleggjast ansvaret for at trappa får jamleg tilsyn fleire gonger i året der det vert skriven funksjonsrapport etter kvart tilsyn. Vert det eit på eit slikt tilsyn oppdaga skadar på trappa og/ eller at trappa er fylt opp av massar skal naudsynte ressursar setjast inn for å reparere desse skadane omgåande.

Argumentasjon for revisjonsoppstart i Jostedalsvassdraget



Bilder frå trappa i Langøyane
10. november 2020.

Oppe til venstre: Inngang til nederste
del av trappa

Oppe til høgre: midre del av nederste
trappa

Til venstre: øvste del av nederste trappa

Argumentasjon for revisjonsoppstart i Jostedalsvassdraget

Oppvekstområder med bedre temperatur

Allereie frå tida Leirdøla vart utbygt så viser skjønnspapira at det var fokus på at Jostedøla var ei kald elv. Etter skjønnspapira vart skrivne på 70 talet har middeltemperaturen i hovudløpet blitt senka med ca 1°C som direkte resultat av Jostedals utbyggjinga. Dette forverra dei allereie vanskelege oppvekstforholda som yngelen i elva har.

(Mangel på gyte/ oppvekstområde i vassdraget der det er bedre temperatur: Ref.rapport nr 49 2013 "Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022")

Det må brukast ressursar på å forbetre dei få bekkene som er tilgjengelege for å gje yngelen oppvekst områder med bedre temperatur i. *(Ref. "Fiskebiologiske undersøkelser i Jostedøla" rapport nr 246)*

Kvernelvi på Alsmo

har i følge "Fiskebiologiske undersøkelser i Jostedøla" rapport nr 246 stort potensiale til å bli eit godt gyte/ oppvekst område. I denne rapporten frå UNI Resarch Miljø så er det framlagt konkrete forslag til utbetring utan at dette har blitt gjennomført på ein tilfredstillande måte. Dette vart føreslege på eit tidspunkt der utbyggjar allereie hadde store maskiner i området grunna masseforflytning frå hovudløpet. Det som er utført i Kvernelvi er pr i dag av ingen betydning i forhold til kultiverings arbeidet i vassdraget bekreftar UNI Research Miljø.

Fonndøla

Skjønnspapira frå når Leirdøla utbyggjinga vart vedteken seier at fisket i vassdraget var grovfordelt slik: 60% nedstraums Fonndøla og til fjorden og 25% nedstraums Leirdøla til Fonndøla. Dette seier noko om kor viktig Fonndøla var for rekruttering av fisk i Jostedalsvassdraget. Det er i same skjønnspapira åpenbart at den "Fiskerisakkunnige" er klar over og har uttalt at nedre del av Fonndøla vert skada av utbyggjinga.

Fonndøla har frå oppstart av Leirdøla krafverket i 1978 ikkje hatt minstevassføring.

Elvedeltaet som var der opprinneleg vart samla i eit nytt løp og det nye løpet er så opent i botn at det drenerer det vetle vatnet som er ned i grunnen ved lite tilsig. Det vil sei at elvi til tider er heilt turrlagt. Dette var ei sideelv med bedre temperatur i enn hovudløpet og har potensiale for å bli eit godt oppvekst og gyteområde. Nabobekken til Fonndøla, Langedøla, er ikkje utbygd men strekninga som før gjekk open med fleire hølar som var gode oppvekstområder for småfisk, er vekke. Elvedeltaet frå Fonndøla og nabo bekken, Langedøla ut i Jostedøla, vart rasert under Leirdøla utbyggjinga.

Argumentasjon for revisjonsoppstart i Jostedalsvassdraget

Bilde av Fonndøla, Langedøla og elvedeltaet som dei skapte(før kraftutbyggjinga)



Langedøla produserte og fisk, men denne bekken vart lagd i røyr frå tunnellini-slaget inn til kraftstasjonen i Fonndøla til utløpet i Jostedøla. Røyrret ligg forholdsvis bratt, med flat botn utan tersklar inni slik at det er ikkje mogeleg for fisk å gå opp i denne for å gyte. Lengden på røyrret er ca 2-300 m og ligg under vegen opp til inngangen til kraftstasjonen. Sjølv om bekken år om anna er heilt turrlagd har den fortsatt yngel i seg, noko som viser at det er fisk som går opp og gyter her. Desse korte elvestrekningane var før Leirdøla-utbyggjinga eit viktig tilskot som gyte og oppvekstområde til hovudløpet. I Fonndøla er det heilt naudsynt å få minstevassføring. Minstevassføringa treng ikkje føre til store tap av kraft/minntekt då det kvar haust likevel vert sleppt forholdsvis mykje vatn på overløpet i ved demingen i Leirdalen. Det er og forskjellige måtar å løyse sjølve minstevassføringa på. I tillegg må elveløpet må restaurerast ved at elvebotnen tettast og det må lagast tersklar og leggjast ut gytegrus. Den flate sålen under under brua må utbetrast slik at det blir ein "djupål" som fisken kan gå opp i. Slik sålen er no fungerer denne som eit vandringshinder. Fonndøla vil tilføre vassdraget eit godt gyte/oppvekstområde med betre temperatur. Dette er og beskrive i rapporten "Tiltaksanalyse for Indre Sogn Vassområde" som vart utarbeida av Multiconsult i 2013. Sjå vedlagte tilstandsbilder tekne i august 2014 i Fonndøla.

Argumentasjon for revisjonsoppstart i Jostedalsvassdraget

Bilder frå Fonndøla slik den er no



Der elveleiet er flytta/ samla, blir det til tider heilt turrlagt utpå sommaren.



Ein gut som er bekymra over situasjonen...



Mykje yngel pr liter vatn.

Argumentasjon for revisjonsoppstart i Jostedalsvassdraget



Yngelen vert samla i beger og sleppt ut i øvste hølen som før var tilgjengeleg for sjøauren.



Men ikkje alle overlevde turkeperioden.

Andre sideelvar

Av andre sideelvar/ bekkar som har potensiale som oppvektsområder nedstraums firketrappa er bekken ved Åsmoløken og Rydøla. Bekken ved Grisuri på Fossen, Kvernelvi/ Hompedøla ved Myklemyr har og potensiale dersom fisketrappa i Langøyane vert bygd om/ vedlikehelden.

Til informasjon

I Kvernelvi ved Skarpamo utførte Røneid grunneigarlag eit større habitatforbetringsprosjekt hausten 2020. Luster kommune har motteke rapport etter dette arbeidet tidlegare.